




Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200909408-7/560/HGJE

Dykkar ref.:
200900697

Bergen, 23. november 2009

Høringsuttale - framlegg til forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskuleutdanning

Vi viser til høringsbrev frå Kunnskapsdepartementet, dagset 11.09.2009, vedr. framlegg til forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskuleutdanning.

Hordaland fagskulestyre er styre for Fagskulane i Hordaland. Dette er 8 skular med godkjende fagskuletilbod, eigd av Hordaland fylkeskommune.

På styremøte 11.11.2009 vart følgjande vedteke:

Hordaland fagskulestyre har ingen merknader til utkast til forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskuleutdanning.

Hordaland fylkeskommune sendar inn eige høringsuttale.

Inger Øvsthus Tønder
Inger Øvsthus Tønder

Hanna F. Gjesdal
Hanna F. Gjesdal

Vedlegg: 1



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200909408
Arkivnr. 560
Sakshandsamar Gjesdal, Hanna

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Hordaland fagskulestyre	11.11.09	17/09

HØYRINGSUTTALE - UTKAST TIL FORSKRIFT OM KVALITETSSIKRING I HØGARE UTDANNING OG FAGSKULEUTDANNING

Hordaland fagskulestyre 11.11.09

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Hordaland fagskulestyre har ingen merknader til utkast til forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskuleutdanning

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

RETT UTSKRIFT:

Kirsten Ljøelm

DATO: 19. november 2009

SAKNR. 17/09
MØTEDATO 11.11.09

Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Hordaland fagskulestyre	11.11.09	17/09	

Høyringsuttale - utkast til forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskuleutdanning

Forslag til innstilling, sjå saksframlegg.



Arkivsak 200909408-2
Arkivnr. 560
Saksh. Gjesdal, Hanna

Saksgang	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	11.11.2009

HØYRINGSUTTALE - UTKAST TIL FORSKRIFT OM KVALITETSSIKRING I HØGARE UTDANNING OG FAGSKULEUTDANNING

SAMANDRAG

Kunnskapsdepartementet har sendt utkast til forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskuleutdanning på høyring. Forskrifta erstattar bl.a. forskrift av 23. april nr. 391 om godkjenning etter fagskulelova. Medan kap 1 presiserar arbeidsområdet og ansvaret til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NKUT) vert Forskrift om godkjenning etter fagskulelova i all hovudsak vidareført i den nye forskrifta.

Høyringsfristen er satt til 11. desember 2009.

FORSLAG TIL VEDTAK

Hordaland fagskulestyre har ingen merknader til utkast til forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskuleutdanning

Svein-Erik Fjeld
e.f.

Inger Øvsthus Tønder
Inger Øvsthus Tønder

Vedlegg:
Høringsbrev
Utkast til forskrift om kvalitetssikring i høyere utdanning og fagskuleutdanning
Merknader til utkast forskrift om kvalitetssikring i høyere utdanning og fagskuleutdanning

FYLKESRÅDMANNEN, 26.10.2009:

Kunnskapsdepartementet har sendt utkast til forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskuleutdanning på høyring. Forskrifta erstattar bl.a. forskrift av 23. april nr. 391 om godkjenning etter fagskulelova.

I st.prp. nr. 1 (2007-2008) tok Kunnskapsdepartementet initiativ til ein ekstern evaluering av NOKUT. Føremålet å gi departementet meir kunnskap om korleis NOKUT utførar sine lovpålagte oppgåver og om NOKUT tilfredsstillar kriteria for medlemskap i European Association for Quality Assurance Agencies. Evalueringa vart lagt fram for departementet 29. februar 2008. Forslaget til Forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskuleutdanning er andre ledd i oppfølginga av evalueringa.

Kap 1 i forskrifta fastset forskrifta sitt virkeområde samt presisering av NOKUT sitt arbeidsområde, mynde og ansvar. Kap. 2, 3, 4 og 6 omhandlar kvalitetssikring og akkreditering i høgare utdanning. Kap. 5 og 7 omhandlar fagskuleutdanning og er ei vidareføring av den gjeldane Forskrift om godkjenning etter fagskulelova.